

Gol og Herad sokn

-Sokneråd med fellesrådsfunksjon-

Årsmelding 2024



Bildet er frå innviinga av Herad kyrkje i 1934.

Parkeringsplassen høyrde til garden Hoftun. Fellesrådet kjøpte parkeringstomta 90 år etter, og er no i Gol og Herad sokn sitt eige.

FELLESRÅDET 2024

Kjetil Th. Storebråten	-leiar
Ingebjørg By Teigen	-nestleiar
Hilde Midtgård	-medlem
Sonja Vestheim	-medlem
Ellen Hesla	-medlem
Bjørn Møllerplass	-medlem
Ole Roar Hagen	-medlem
Helge Krusedokken	-medlem
Kristin Bakke Haugen	-kommunens representant
Arnstein Bleiktvædt	-sokneprest

Ole-Jonny Lomme -prostiprest og vikar for soknepresten i perioden juni – november

Vara:

1. Dag Vermåker (Møter fast i sokneråd og fellesråd)
2. Inger Lagmannsgård
3. Anne Anderdal
4. Didrik Hjort
5. Arnhild Viljugrein

Heidi Granli Kommunens vararepresentant

Prost Sveinung Hansen / Kristoffer Lønning Tørresen Vara for soknepresten

Arbeidsutvalet

Fellesrådsleiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje.

Likestilling i rådet

I fellesrådet med er det 4 menn og 6 kvinner som faste medlemmer. Rådet er satt saman etter valordning for Den norske kyrkja.

Aktivitet

Fellesrådet forvaltar kyrkjelege bygg og gravplassar i Gol kommune og har ansvar for planarbeid, samt økonomi- og personalforvaltning.

Det er gjeitt høyringssvar på prostigrenser, kyrkjeval, digitaliseringsarbeid og høyring på tildelingskriteriar for diakoni og trusopplæring.

Fellesrådet har hatt 7 møter og har handsama 36 saker. Fellesrådsleiar har i samråd med kyrkjeverje og sokneprest satt opp sakliste. Kyrkjeverja er sekretær og førebur sakene.

Forhandlingsutvalet har hatt eitt møte om kyrkjeverjelønn.

Partssamansett utval (PSU) har handama ei sak på e-postutveksling.

Tilsette:

Thorunn Haugo	Sekretær	60% stilling	
Ludvig Munkejord	Kyrkjetenar inne/ute	100% stilling	
Knut Ole Klepp	Kyrkjetenar inne/ute	40% stilling	
Justin Vickery	Kantor / organist	100% stilling	
Kjellfred Dekko	Kyrkjevevje	100% stilling	
Britt Marie Haraldset	Kyrkjelydspedagog	100% stilling	(1)
Martha F Bleiktvedt	Diakon	100% stilling	(2)
Sissel Rudningen	Diakoniarbeider (vikar)	70% stilling	(3)
Gerd Eli Berge	Diakoniarbeider (vikar)	30% stilling	(4)

(1) Britt Marie Haraldset er tilsett i Gol og Herad sokn og har 40% av stillinga knytt til Hemsedal sokn. Lønns- og fellesutgifter blir refundert frå Hemsedal.

(2) Martha F Bleiktvedt var i svangerskapspermisjon til 15. mai 2024. Ho tok til i 80% stilling frå 1. august.

(3) Sissel Rudningen vikarierte for diakonen i 70% stilling fram til 1. august, og jobba i 20% frå same dato.

(4) Gerd Eli Berge vikarierte for diakonen i inntil 30% stilling fram til sommaren.

Likestilling fast tilsette:

Av dei faste fellesrådstilsette i vesentleg stillingsstorleik er det 4 menn og 3 kvinner. Med soknepresten er det 5 menn og 3 kvinner. Tunsberg bispedømme er arbeidsgjevar for presten.

Klokkarar:

Conrad Alexander Ravnanger
Ingrid Andrea Lono Smedsgård
Gro Jordheim

Ekstrahjelp:

Anthea Vickery Reinhald

Sommarhjelp:

Ingvild Orset Svello Stell av gravstader
Niel Cameron Klypping, måling, stell av grøntanlegg

Det har vore fleire lengre sjukmeldingar gjennom året. Sjukmeldingane skuldast ikkje tilhøve på arbeidsplassen. Med sjukmeldingane har arbeidsmengda vorte større på dei andre arbeidstakarane. Personalet har vikariert litt for kvarandre. I tillegg er det leigd inn vikarar og ekstrahjelp for å avhjelpe situasjonen.

Personalarbeid

- Kvar tysdag har me stabsmøte med evaluering av veka som gjekk, samt planlegging av komande aktiviteter.
- Medarbeidersamtaler er gjennomført med alle tilsette.
- Vernerunde er gjennomført saman med Medco Hallingdal.
- Brannøving er gjennomført.
- Klokkarane vart inviterte til eit felles møte om oppgåvene i gudstenesta.

- Sekretærene ved kyrkjekontora i Hallingdal møttes for drøfting av felles utfordringar.
- Organisten var på felles fagdag i Hallingdal og har delteke på regional fagsamling i bispedømmet.
- Kyrkjetenaren deltok på fagdagar i Bergen.
- Trusopplæraren var på trusopplæringskonferanse, på fagdagar i regi av bispedømmet samt på fagsamlingar i Hallingdal.
- Diakonen deltok på fagdag for diakoni i bispedømmet og er med på faste samlingar for diakonar i Hallingdal.
- Kyrkjevevja var på landssamling for kyrkjevevjer. Det er jamnlege leiarsamlingar for kyrkjevevjene og prostene i Hallingdal.
- Alle deltok på fagdag i samband med 25-års jubileet til Kirkens familievern Ål.

KYRJER OG ANDRE BYGG

Kyrkjebyggdatabasen har vore eit program for å registrere inventar og utstyr samt å legge inn ymse data og arbeid som har vore gjort på kyrkjene. Databasen er no bytta ut med programmet *Ordna eiendom* der ein kan legge inn også andre ting som rører ved eigedom, kyrkje og gravplass. Programmet kjem på sikt til å lette arbeidet samt at me kan planlegge betre. Det er også eit verktøy for brannbok, elektrisk anlegg og HMS.

Gol kyrkje:

Arbeidet med å få skifta ut taket på kyrkjeskippet har vore prioritert. Gol kommune løyvde 3 millionar kroner til arbeidet. Det nyoppretta statlege kyrkjebevaringsfondet er forventet å bidra med tilsvarende sum. Ole Tor Oleivsgard, Miotech v/Elin Lie og kyrkjevevje Kjellfred Dekko har jobba med søknaden til fondet.

I mai vart det utført reparasjon på taket. 60 skiferstein måtte skiftast ut.

Varmestyringa sto framfor ei vesentleg oppgradering, og arbeidet vart utført i august.

Inn mot jul mista me trykket på vatnet inn i kyrkja. Slangen frå brunnen oppe på prestegardsjordan var truleg øydelagt i samband med graving. Vatnet frå prestegardsjordan har ikkje vore bra, og me beslutta dermed å bore etter vatn framfor å leite etter brotskader. Arbeidet starta eit par veker før jul, og på skulegudstenesta den 20. desember tappa me vatn frå den nye borebrønnen oppe ved vegen.

I gangen i kjellaren har det vore sundagsskule i gudstenestetida.

Herad kyrkje:

Det er gjort mindre vedlikehaldsarbeid samt måling av ytterdørar.

Varmestyringa er oppgradert til liks med Gol kyrkje.

I kjellarrommet har det vore sundagsskule i gudstenestetida.

KYRKJEGARDAR

Gol kyrkjegard:

Vasstilførselen til kyrkjegarden er betra mellom anna ved at hevertsystemet i brunnen oppe i lia er endra. Det er no lettare å tappe, og å setja i gang anlegget.

Kyrkjegardsmuren var rasa ned i området nedanfor inngangsporten til kyrkja. Dette er truleg seinskader etter uveret «Hans». Om lag ti meter med mur vart teke ned og mura opp att. Også eit stykke mur ved parkeringsplassen vart reparert.

Minnelunden er i jamnleg bruk. Det vart sett ned 3 urner i 2024. Det ligg naturleg til rette for at også kister kan inngå i minnelunden, og det gjekk ein søknad til Statsforvalteren om dette. 26 kistegraver er no lagt til minnelunden. Ein kan dermed gravlegge i kiste på det nye feltet og i staden for gravstein kan det bli sett opp ei minneplate på muren.

Herad kyrkjegard:

Tilbake i 2022 gjorde fellesrådet vedtak om å kjøpe parkeringsplassen utanfor Herad kyrkje / kyrkjegard. Dette har ligge på vent, men kyrkjevevja tok tak i dette i sommar. Handelen gjekk i orden i november, og er no i soknet sitt eige. I Herad var det tre eigedomsmatriklar som no blir samla til ein. (Det er kyrkja samt kyrkjegarden rundt, den «nye» kyrkjegarden og parkeringsplassen.)

Stavkyrkjetomta:

Det er jamnleg rydding og klypping på tomta. Portalen fekk nytt tak i sommar.

ØKONOMI

Rammeløyvinga frå Gol kommune var på kr 5 464 000. Kalkulatoriske utgifter på kr. 400 000 kjem i tillegg. Dette er ein utrekna sum for tenester som Gol kommune gjev for kyrkja i tillegg til rammeløyvinga. Arbeid med kontorleige, rekneskap, lønn, IKT-utgifter og enkelte tekniske tenester inngår i denne summen.

Rekneskapen er gjort opp med 316 062 i ikkje disponerte midlar for 2024. Fellesrådet har i nokre tilfelle vedteke bruk av disposisjonsfond, og dermed er den reelle summen eit overskytande resultat på kr. 101 435. Det meste av dette overskotet har kome på grunn av store renteinntekter, auka festeavgifter, sjumeldingar og vakansar. Det har gjort at fellesrådet har hatt rom for å utføre større arbeid som til dømes reparasjon av kyrkjegardsmur samt brønnboring og tilkobling av nytt vatn. Alt dekt innanfor det ordinære driftsbudsjettet.

Vakansar og sjukmeldingar er ikkje måten fellesrådet ynskjer å spare pengar på. Vakansane og sjukmeldingane er dels løyst med å hente inn vikarar og ekstrahjelp samt at dei tilsette dels har vikariert for kvarandre. Slik har me likevel greidd å gjennomføre kyrkjelege handlingar og anna arbeid. Me merkar slitasje hjå dei øvrig tilsette, men minner oss sjølve om at det er ein mellombels situasjon.

Øyneliens fond er teke med i rekneskapen for 2024. Fondet er sett av på ein eigen bankkonto. Pr 31.12. 2024 er kapitalen på kr. 263 462

Sommaren 2024 mottok fellesrådet ei stor pengegåve på kr. 920 000 frå ein anonym gjevar. Soknet rettar ein stor takk til gjevaren. Pengane er sett på høgrentekonto saman med øvrige gjevarmidlar til Gol og Herad sokn.

Sjølv om det er store avvik på nokre budsjettpostar har fellesrådet hatt kontroll på økonomien. Fellesrådet har fått jamnlege økonomirapportar gjennom året.

KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet er framleis mykje lest. Økonomien gjorde at Kyrkjebladet for Gol og Hemsedal måtte ned på antal utgjevingar. For 2024 kom det ut berre tre utgåver. Framover vil me gje ut fire nummer i året. Kyrkja vil etterkvart gå over til meir nettbasert informasjon.

ANNA KYRKJELEG VERKSEMD

Diakon, trusopplærer og organist har sendt eigne årsmeldingar. Likevel er det grunn til å nevne at det er nystarta sundagsskule under gudstenestene, og at det er utført mykje godt arbeid i fagstillingane. I samband med Landskappleiken i sommar var det ei stor og godt besøkt folkemusikk-gudsteneste i Gol kyrkje.

Samarbeidet med Normisjon om bedehuset er av stor betydning då mange av dei kyrkjelege aktivitetane foregår der. Kyrkja arrangerer mellom anna Åpent hus, Familiesprell, Middag sammen og ymse barne- og ungdomsaktivitetar på bedehuset som fungerer godt som eit samlingspunkt i Gol sentrum.

Enkelte tal frå statistikken som er sendt Statistisk sentralbyrå:

	2023	2024
Antall gudstenester	68	56
Deltakarar på gudstenester	4 181	4 429
Døypte	28	33
Vigslar	8	21*
Gravlagte	27	40

- 9 par gifta seg i «Drop-in bryllup» på Ørterhovda.

Fellesrådet arbeider etter Ordning for Den norske kyrkja §17 «Kirkelig fellesråds oppgaver». Jfr kyrkjeordninga er dermed fellesrådet ansvarleg for:

- a. bygging, drift og vedlikehold av kirker,*
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,*
- c. opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,*
- d. anskaffelse og drift av kirkekontor,*
- e. (administrativ hjelp for prostens når kirkens virksomhet nasjonalt yter tilskudd til det)*
- f. anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.*

Kirkelig fellesråd forvalter inntekter og formue knyttet til kirke og kirkefond, tilskudd til kirkelig virksomhet fra kommunen eller kirkens virksomhet nasjonalt og midler menighetsråd stiller til fellesrådets disposisjon for å løse oppgaver i soknene.

Sokneråd og fellesråd har utført arbeidet som kyrkjeordninga forventar av oss. Råd, tilsette og frivillige står saman om dette, og me rettar ein stor takk til alle som er involvert i kyrkjeleg arbeid i Gol og Herad.

Gol 29. april 2025

Kjetil Th Storebråten
-fellesrådsleiar-

Kjellfred Dekko
-kyrkjevevjerje-

Årsmelding for 2024

Diakoniutvalg i Gol og Herad sokn

Diakoniutvalget

Medlemmer: Ingebjørg By Teigen (leder), Bjørg Møllerplass, Ingebjørg Solhjell, Anne Åsødegård og Martha Frøyland Bleiktvedt (diakon)

Varamenn: Inger Lagmannsgård og Arnhild Viljugrein

Antall møter: 2

Tiltak og aktiviteter

- Samtaler/heimebesøk/soknebud

Antall hjemmebesøk: 89

Antall samtale utenom heimebesøk: 13

Antall soknebud: 3

- Gratulasjonsbesøk til 90- og 100-åringar

18 personer som fylte enten 90 eller 100 i 2024 fikk tilbud om besøk av diakonen. Gullrekka, Amadeus og konfirmanter har vært med å lage gavene.

- Sorgarbeid

De som har mistet en av sine næreste det siste året, fikk invitasjon til en åpen kveld for sørgende på bedehuset 20. nov. Samarbeider med kreftkontakten Jorunn Viljugrein Stake. Ingen møtte opp.

- Andakt og nattverdsgudstjeneste på Gol helsetun og omsorgsboliger

Antall andakter: 19 på Helsetunet, 10 på Rundingen

Antall gudstjenester: 3 (av 2 med nattverd) på Helsetunet, 1 med nattverd på Rundingen

- Diakonens time

Diakonen og Ingebjørg Solhjell besøker omsorgsboliger og dagsenteret. Program om lag 1 time, med sang, fortelling, bildevisning og lystenning.

Furuvegen, Torstadvegen og Blågangen fikk til sammen 29 besøk.

Dagsenteret fikk 8 besøk.

- Babysang på Torstadvegen

Babysang ble arrangert på en av de omsorgsboligene, Torstadvegen, tre ganger i vårsemesteret. Et godt tiltak der eldre og småbarn får komme i kontakt. Det møtte opp 2-3 barn med mødre.

- Middag sammen

Gratis middag (med mulighet for å gi en gave) til alle som ønsker et måltidsfellesskap, andre torsdag i måneden på bedehuset. Frivillige lager maten. Det har kommet mellom 20-40 personer innom hver gang.

- Åpent hus på Gol bedehus

Formiddagstreff siste torsdag i måneden.

Komite: Sigrid Hoftun, Inger Lagmannsgård, Solveig Bleiktvedt og Sissel R.

Antall treff: 8

I tillegg arrangerte vi en dagstur til Geilo/Hol 22. august. 14 personer deltok på turen.

- Eldres dag

Den internasjonale dagen for eldre ble markert i gudstjeneste i Gol kyrkje 29. sep. Helselaget hadde ansvar for kirkekafe etter gudstjenesten.

- Sangstunder for mennesker med nedsatt funksjonsevne

Annen hver onsdag på fellesstua i Helsetunvegen. Tiltaket får økonomisk tilskudd fra Kristelig Studieforbund.

Antall deltagere: 11 brukere + ledsagere, Sissel R/Martha F. Bleiktvedt (leder) og Justin Vickery (piano).

Antall sangstunder: 20 + adventsstund i Gol kyrkje 11.des

- HEL gudstjeneste

HEL-gudstjeneste er en gudstjeneste som er tilrettelagt for mennesker med ulike funksjonsnivå. Gudstjeneste med tegn til tale og gjentakelser. HEL-gudstjeneste ble arrangert to ganger i år, 28. apr og 13.okt. Sangstund fra Helsetunvegen medvirket.

- Kirkekafe

Diakoniutvalget hadde ansvar for kirkekafe på HEL-gudstjenester, Alle helgens, Skjærtorsdag og adventsstund med Sangstund.

- Arbeid retta mot innvandrere

o Torsdagstreff

Flerkulturelt treff på Helselagsstugu tredje torsdagen i måneden. Samarbeid mellom Gol Helselag, Røde Kors og diakoniutvalget.

Komite: Gunhild Sørum (Gol Helselag), Solveig Lindheim / Kari Gerd Bleiktvedt (Røde Kors), Marie Louise Mole, Sissel R og Martha F. Bleiktvedt.

Antall treff: 9

I tillegg hadde vi fisketur til Søråsen 17. aug. Eva Aarrestad-Eriksen fra jeger og fisker var med. Vi fikk låne fiskeutstyr. Ca. 25 stk var med.

Vi har også i år dyrket grønnsaker på Renslojordet.

o Språkkafé

Samarbeid med Gol bibliotek. Første torsdag i måneden fra kl.17-19.

Gjennomsnittlig 10 deltagere hver gang.

Antall samlinger: 9

- Medarbeiderfest

Det var planlagt medarbeiderfest i høst, men den ble utsatt til våren 2025.

- Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Innsamlingsaksjon med bøsser av konfirquantene og deres foreldre den 19. mars. Til sammen samlet de inn 72.117 kr.

- Rullatormila

I samarbeid med Dagsenteret og Helsetunet, ble det arrangert Rullatormila for femte gang 16. august. Flere fra kirkekontoret bidro. Varaordføreren delte ut medaljer. Helsetunet sto for grillmat og is. 44 personer deltok på løpet.

- Pilegrimsvandring

Vedlikehold av pilegrimsruta ble gjort i mai. Noen stolper og skilter ble rettet opp. Det ble arrangert pilegrimsvandring for 7. klasse, og det står mer i årsmelding for trosopplæring.

- Gol Demenskor med Nokon attåt

Et kor for mennesker med eller uten demenssykdom og deres pårørende. Øistein Holtmon er musikalsk leder, og diakonen har vært med i organisering av det praktiske. Samarbeid med Helselaget. Demenskolet hadde 2 konserter (på våren og i advent) og 2 oppdrag på Helsetunet.

Gol, den 13. januar 2025

Martha Frøyland Bleiktvedt og Sissel Rudningen

ÅRSMELDING 2024 FOR TRUSOPPLÆRINGA I GOL OG HERAD

Trusopplæringsutvalet:

Medlemmer:

Anne Anderdal, Hilde Midtun, Hilde Marie Berget og Heidi Bråten.

Trusopplæringsutvalet hadde eit møte i januar og eit i oktober.

Tilsette:

Britt Marie Haraldset Hafsås har 60% stilling som kyrkjelydspedagog i Gol og Herad og 40% i Hemsedal.

Dåpsbesøk:

Trusopplæraren har ansvar for å skaffe materiell til utdeling ved dåpssamtalen og til dåpsbesøk ved 1-, 2- og 3-års dåpsdag. Det var 11 frivillige dåpsbesøkjargar som til saman hadde ansvar for å dele ut dåpsgåver til 72 born i 2023.

Babysong:

Babysong vert arrangert i samarbeid med Frelsesarmeen. Babysang har halde på den gode oppslutninga. Totalt var heile 35 barn frå 0 til 1 år innom babysang i 24. Det tilsvarar 81 % av medlemstalet vårt i denne gruppa. Tek vi med barn over 1 år var 43 barn innom babysang.



Fullt hus på Frelsesarmeen til diplomfest for babysang hausten 24.

Krølletreff

Det vart gjennomført to Krølle-treff, Gol kyrkje i mai og Herad kyrkje i november. Her inviterer vi spesielt 1- og 2-åringane, men samlingane er opne, og kan passe, for alle i barnehagealder. Mange kjenner Krølle (eit tøy-lam) frå babysang, men har begynt i barnehage og deltek ikkje lenger på babysang. Då er håpet at dei skal kunne kome på Krølle-treff og kjenne att ein del sangar og element, samtidig som det er noko nytt. Krølle-treffa har slått godt an og 18 ungar i målgruppa (1-2, 38%) har vore på samlingane. Nokon av dei hadde i tillegg med eldre søsken.

Gullrekka:

Gullrekka på Gol bedehus ein fredag i månaden hadde i vårhalvåret 6-10 deltakarar. På leiarmøte i august vurderte fleire leiarar å trekke seg, og vi vart einige om at vi trengte å tenke nytt. Løysinga vart å avslutte Gullrekka og starte ei ny sundagsskulegruppe kalla Familiesprell.

Familiesprell:

Familiesprell har frå september 24 samling på Gol bedehus ein fredag i månaden. Hovudmålgruppa til Familiesprell er familiar med barnehagebarn, men vi har hobbykrok i 2. etasje for skolebarn. Vi startar med enkel middag 16.30 for dei som ønsker det. Det er pølse eller pizzabollar og kostar 50 kr for vaksne og 30 kr for barn. Klokka 17.15 samlast vi alle til ein song og skattekiste med veldig kort bibelformidling før skolebarna går opp og resten fortsetter med song og lek, mykje av det kjent frå babysang og Krølletreff. Vi avsluttar klokka 18.00. Håpet er at vi kan klare å få med fleire frå babysang via Krølletreff og inn i litt meir faste treffpunkter. Hausten 24 var 22 barn innom familiesprell, med eit gjennomsnitt på 14.

4-årsbok, 5-åringar og Førsteklasses:

Det har dei siste åra vist seg vanskeleg å få til oppslutning om ettermiddagssamlingar i forkant av gudsteneste for hhv 4-åringar og 5- og 6-åringar. Dette året vart det grilling og ei lita post-løype ute etter 4-årsgudstenesten (6 4-åringar deltok på den). På Førsteklasses-gudstenesten på hausten kom det 2 seksåringar og 4 femåringar. I 2025 slås desse gudstenestane saman slik at vi prøver å få fleire familiar samla på gudstenesten, og at vi kan legge opp til aktivitet i etterkant av gudstenesten.

Tårnagenthelg og Lys våken:

Tårnagenthelga i juni vart igjen vanskeleg å gjennomføre, på tross av at vi no inviterte to kull. Det var kome for få påmeldingar innan fristen. Men i dagane etter fekk vi til saman 4 deltakarar, så det vart ei kort tårnagentsamling med tårntur og symboljakt før gudstenesten på sundagen.

Lys våken vart forsøkt arrangert fyrste helg i desember, men nok ein gong mangla påmeldingane, på tross av at vi i år inviterte tre kull.

Trusopplæraren tenker at desse to tiltaka må sjåast på på nytt, om ein skal vurdere å prøve eit fellestiltak som tek med seg det beste frå begge (i Hemsedal har ein laga Lys&Liv-festival), og kva årstid ein evt skal legge det til.

Gardsbesøk og den gode hyrde

Gardsbesøk hos Heidi Bråten og Torgrim Bleiktvedt vart avlyst grunna manglande påmelding. Dette tiltaket ser og ut til å ha vanskar med rekrutteringa.

Middelalderdagen for 4.trinn

Trusopplæraren arrangerte middelalderdagen for 4. klasse. Vi hadde fyrst ein halv dag med «pilegrimsvandring». Her går 4.klasse til Gol kyrkje, der vi har eit lite undervisningsopplegg, får høyre kyrkjeorgelet og diakonen kjem i rolla som pilegrim. Deretter går vi vidare opp til stavkyrkjetomta.

Nokon dagar etter møttest vi ved Gol stavkyrkje. Der snakka vi litt om stavkyrkja, om symbola og kunsten i den, før vi hadde 50-leiken på området utanfor etterpå.

Trusopplæring i naturen - Pilegrimsvandrerene

Dette året var 4 sjuandeklassingar påmeldte til pilegrimsvandring frå Gol bedehus til Herad kyrkje. Tre stk fullførte turen saman med trusopplæraren og ein frivillig. Undervegs vart vi kjend med forteljinga om «sonen som kom heim», og vi hadde fleire postar underveis der vi til dømes lærte om kartbruk, vekstar vi kan ete og fyrstehjelp. Vi skulle gjerne hatt med fleire, men tilbakemeldinga frå deltakarane var veldig god.



Tre pilegrimar på veg til Herad, førebuing av granskuddte til lunsj og fyrstehjelpspraksis.

KA-dag:

1.-3.- klasse var invitert til kyrkjeaktivitetsdag på skulen sin planleggingsdag i november. Vi hadde berre 7 deltakarar i år, og det viste seg halvanna veke før at idrettslinja og arrangerte aktivitetsdag på GIA. Denne kostet imidlertid 200 kroner. Vi valgte å gjennomføre som planlagt og ein del av deltakarane kom til etter påmeldingsfristen. Vi starta, som tidlegare år, i Gol kyrkje, og gjekk ned til Gol bedehus der vi åt lunsj og hadde ulike aktivitetar.

Between-klubb

Between-klubben er framleis eit populært tilbod til 4.-7.-klassingane. Vi har satsa på fem gonger i året, og det er aller mest deltaking frå dei yngste. Kiosken er travel desse kveldane og ungane kosar seg med spel, playstation, bordtennis og biljard. Det er som regel over 30 deltakarar på kvar kveld, 43 er registrerte totalt.

Julekrybbevandring:

Vi fekk gjennomført 3 vandringar i kyrkjene med barnehagebarn, 1 i Herad kyrkje for Herad barnehage, og 2 i Gol kyrkje for Breidokk, Hallingmo og Vesterhuset.

Konfirmanter:

Til saman var det 36 konfirmentar i Gol og Herad i 2024. Det var igjen arrangert HEKTA konfirmentleir i Håkons hall på Lillehammer i februar og konfirmentane deltok der med fleire hundre konfirmentar frå andre stader. I mars var det konfirmentfestival i samfunnshuset på Gol med konfirmentar frå Hallingdal.

Amadeus:

Amadeus har hatt ei samling i månaden, annakvar gong på fredag og annakvar gong på laurdag. Oppslutninga har variert ein god del, og på våren var det ei «kjerne» på 2-3. Hausthalvåret har vore noko betre. 13 ungdomar har vore innom, og på hausten var gjennomsnittsoppmøtet 6,5.

Fagleg samarbeid og kurs:

Britt Marie var på trusopplæringskonferansen på Gardermoen i oktober.

Det var prostisamling på Geilo i august der trusopplærarane i Hallingdal var samla, vi hadde i tillegg ei samling på Gol i oktober.

Sjukmelding:

Trusopplæraren var deltidssjukmeldt i ulike prosentsatsar frå september til desember.

Takk


Takk til alle som har vore med å bidrege i trusopplæringa – tilsette, frivillige, foreldre og føresette! Trusopplæringa er i endring, i 2024 vart det vedteke ei ny grunnleggande plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Det betyr ein del endringar framover, utover berre det at vi no beveger oss frå trusopplæring til kyrkjeleg undervisning og læring (KUL). Nokon trekk ved dette er:

- Målgruppa endrar seg frå å vere «alle døypte» til å vere «alle døypte og interesserte»
- Ein beveger seg frå «breddetiltak» til å kunne prioritere meir «kontinuerlige tiltak»
- Større rom for samarbeid, både med andre organisasjonar og grupper og kyrkje-skule/kyrkje-barnehage
- Målgruppa er ikkje lenger 0-18 år, men KUL skal vere gjennomgåande gjennom heile livet, for alle aldersgrupper.

I Gol og Herad ser vi og av deltaking at det er ein del av dei aktivitetane vi har hatt tidlegare som vi har hatt tidlegare, må vi tenke nytt om, mens ein del av dei nyare i alle fall tilsynelatande har fått ein god start. Vi er dermed allereie inne i ei endring, og må framleis jobbe med kva som skal vere satsingane våre framover. Dette blir spennande, og håpet er at vi saman kan skape gode relasjonar, og aktivitetar for kyrkjeleg undervisning og læring der alle kjenner seg inkludert, og der vi kan peike på og bli kjend med Gud som har skapt oss, Jesus som har frelst oss og Den heilage Anden som hjelper oss.

Britt Marie Haraldset, Hemsedal, 27. januar 2025

ÅRSRAPPORT 2024 – MUSIKK.



2024 har vært et aktivt år for kirkens musikkliv. Vår kantor har arrangert mange fine konserter og musikkandakter gjennom året. Onsdag før skjærtorsdag var det konsert for pasjonstiden i Herad kyrkje med Inger Johanne Østby (fløyte), sammen med organist Justin Vickery. Gjennom sommeren var det fem kveldsgudstjenester i stavkirken med forskjellige dyktige solister. Disse var godt besøkt.

Adventskonserten var også meget godt besøkt og vi er takknemlige til alle som deltok - spesielt våre lokale kor - Kråkesølv, Tapas (dir. Gunn Ragnhild Stigen), Stjernen (dir. Hallvor Lilleslett) og Skagakoret (dir. Tori Snerte).

Gjennom året har sang spilt en viktig rolle i gudstjenestene og vi vil takke alle som har hjulpet til på denne måten men spesielt Gunnar Slaatto som beriker liturgien og salmesangen med sin fine stemme, og Gunvor Skinnemoen. Vi vil også takke Linda Krydsby, Karianne Østro, og Inger Johanne Østby som har spilt til viktige gudstjenester som konfirmasjoner, Langfredag og Allehelgensdag.

En viktig utvikling i fjor var innføringen av sporadiske møter for kirkemusikere i Hallingdal, nå som Ål og Hemsedal har ansatt organister. Dette vil bidra til å skape et godt arbeidsmiljø. Det var også kurs i Tønsberg i 2024 for alle kirkemusikere i bispedømmet. Justin var en av deltakerne.